



Sjekkliste for egenrevisjon

30 DRØVTYGGJARAR - GENERELL

© Stiftelsen Norsk Mat
Versjon 2023.10b

Spørsmål som krever dokumentasjon vises med symbolet



30.1 MOGLEGHEITER FOR SPORING

30.1.1 Er dyra merkte med eitt merke i kvart øyre?

Systemet for sporing omfattar:

(lenker til dei ulike rettleiingane finn du bak knappen «§ Krav- og infolenker»)

- øyremerking i samsvar med forskrift
- rapportering til Mattilsynets husdyrregister etter gjeldande fristar
- føring i dyrehaldjournal i samsvar med forskrifter og forordningar

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

Næringsmiddelregelverket set strenge krav til dyr som skal nyttast til mat. Eitt av krava er at alle dyr som skal nyttast til mat, skal vere identifiserte på ein slik måte at ein både veit kvar dyra kjem frå, og kan knyte relevant matkjedeinformasjon (legemiddelbruk) til kvart enkelt dyr. Dyra må med andre ord kunne sporast. Sporing er også viktig for å kunne nedkjempe sjukdom.

Alle punkta i systemet for sporing må vere oppfylte til kvar tid for at dyra skal reknast som sporbare.

§ Krav

Landdyrsporbarhetsforskriften	Lovkrav
Krav til dyreholdjournal for storfe	Informasjon
Krav til dyreholdjournal for lama, alpakka og andre dyr i kamelfamilien	Informasjon
Forskrift om sporbarhet og merking av storfe	Lovkrav
Merking og registrering av produksjonsdyr	Informasjon
Øyremerking av storfe	Informasjon
Krav til øyremerking av sau og geit	Informasjon
Øyremerking av lama, alpakka og andre dyr i kamelfamilien	Informasjon
Hva skal du rapportere til Husdyrregisteret?	Informasjon
Registrering når du mottar sau eller geit	Informasjon
Dyreholdjournal for småfe	Informasjon



30.1.2 Fører du dyrehaldjournal fortløpande via ein husdyrkontroll eller i ein eigen journal?

Felles for storfe og småfe:

Dei respektive regelverka for sporing av småfe og storfe stiller krav om at den som held slike dyr, skal føre ein dyrehaldjournal (Mattilsynet kallar det også for *driftseiningsregister*). Dyrehaldjournalen skal vere ei fortløpande registrering av hendingar i dyrehaldet, og ein nyttar han mellom anna til sporing om det bryt ut smittsame dyresjukdommar. Du må difor registrere hendingane når dei skjer. Du skal føre journalen i eit format som er godkjent av Mattilsynet, og kan lagre han på papir eller elektronisk via ein av husdyrkontrollane. Papirskjema for å føre dyrehaldjournal finn du på mattilsynet.no.

Opplysningane i dyrehaldjournalen skal lagrast i 10 år og vere tilgjengelege for Mattilsynet når dei skal inspisere dyrehaldet.

Særskilt for småfe:

Dette skal du føre inn fortløpande i dyrehaldjournalen for småfe:

1. Dyret sitt unike identitetsnummer: Dette gjeld ikkje for kje som blir ført til slakt.
2. Fødselsdato, alternativt fødselsmånad og -år dersom fødselsdatoen er ukjend.
3. Dødsdato, under dette datoen for levering til slakt, alternativt dødsmånad og -år dersom dødsdatoen er ukjend.
4. Alle overføringar og andre flyttingar, permanente eller mellombelse, inn og ut av dyrehaldet, og
5. Namn og adresse på sendar eller mottakar, og identitetsnummera til dyrehaldarane,
6. Talet på dyr som blir overført eller flytta,
7. Datoen for flyttinga, og
8. Ved overføring til dyrehaldet, det nye individnummeret til dyret (gjeld ikkje kje som blir ført til slakt).
9. Andre situasjonar der dyr i dyrehaldet kjem i kontakt med dyr frå andre dyrehald, datoen for slik kontakt og kva for dyr det gjeld.

Vêrar og bukkar skal òg førast i dyrehaldjournalen. Dersom du nyttar vêrar og bukkar i avl saman med fleire dyrehald (avlsgupper), skal du utferde eit identitetskort som skal følgje med dyret resten av livet. Identitetskortet skal vere godkjent av Mattilsynet. Det er forbode å føre vêr eller bukk utan identitetskort inn i eit dyrehald. Den dyrehaldaren som vêren eller bukken til kvar tid oppheld seg hos, skal syte for at identitetskortet blir ajourført. Identitetskort for hanndyr i avl skal oppbevarast i 10 år.

Saukontrollen er godkjend som dyrehaldjournal under føresetnad av at han heile tida blir ajourført med rapporteringspliktige opplysningar.

Særskilt for storfe:

Dette skal du føre inn fortløpande i dyrehaldjournalen for storfe:

1. Mengd dyr i anlegget
2. fødselsdato (inkludert individnummer for kvart dyr), inkludert kjønn og identifikasjonskode til mora til dyret
3. dato for kvart enkelt dyr som dør, blir slaktet eller går tapt på annan måte
4. opplysningar om dyr som blir flytta frå anlegget:
 - dato for flyttinga
 - individnummer på dyra som blir flytta
 - namn og adresse til driftsansvarlege på mottakaranlegg, inkludert produsentnummer / dyreholds-ID
5. opplysningar om dyr som blir flytta til anlegget:
 - dato for flyttinga
 - individnummer på dyra som blir flytta
 - namn og adresse til driftsansvarlege på avsendaranlegget, inkludert produsentnummer / dyreholds-ID
6. opplysningar om dødelegheita i anlegget
7. opplysningar om smitteverntiltak (biosikkerhetstiltak) i anlegget

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

8. opplysningar om produksjonstypen til anlegget (til dømes mjølkeproduksjon, kjøttproduksjon og så vidare)
9. opplysningar om storleiken på anlegget
10. opplysningar om helse for alle storfe på anlegget: Overvaking, behandlingar, testresultat og andre relevante opplysningar for dyra, produksjonstypen, og typen og storleiken på anlegget.

Kukontrollen og Storfekjøttkontrollen er godkjende som dyrehaldjournal under føresetnad av at dei heile tida blir ajourførte med rapporteringspliktige opplysningar.

§ Krav

Landdyrsporbarhetsforskriften	Lovkrav
Forskrift om sporbarhet og merking av storfe	Lovkrav
Dyreholdjournal (driftsenhetsregister)	Informasjon

30.2 UTEGANGARDYR

30.2.1 Har dyra som går ute heile året, forsvarleg tilgang til opphaldsrom?

Utegang må vurderast etter rase, og ein må alltid ta høgde for føring og tilsyn av dei svakaste individa. Ein skal ta omsyn til ekstra behov for energi til å halde kroppsvarmen ved lag. For liggjeområde med 3 tette veggjar og tak bør den opne sida vende bort frå den vanlegaste vindretninga. Den opne sida kan med fordel ha ein vegg av strimlar i klar plast eller liknande.

For utedrift heilt utan tilgang til opphaldsrom krevst tillating frå Mattilsynet etter forskrift om unntak frå plikta til å syte for opphaldsrom.

§ Krav

Forskrift om velferd for småfe	Lovkrav
Forskrift om hold av storfe	Lovkrav
Hva må du passe på dersom dyra dine går ute når det er kaldt?	Informasjon

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



30.2.2

Har du gyldig løyve frå Mattilsynet om å halde dyr utan tilgang til opphaldsrom?

For utedrift heilt utan tilgang til opphaldsrom krevst tillating frå Mattilsynet etter forskrift om unntak frå plikta til å syte for opphaldsrom. Mattilsynet kan etter søknad gje dispensasjon.

§ Krav

Forskrift om velferd for småfe	Lovkrav
--------------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

30.2.3 Er det etablert opplegg for tilleggsfôring dersom vêrtilhøva og beiteverdien tilseier dette?

Dyr på utegang skal ha jamn fôring og ein grei fôringsplass som hindrar at fôret blir skjemt eller forureina.

Viss du har dyr i utedrift etter dispensasjon, må du kunne få tak i fôr ved behov, om ikkje jamn fôring er ein del av vilkåra på staden.

Dersom ein har dyr på utegang, skal ein ta omsyn til at dyra har ekstra behov for energi for å halde på kroppsvarmen.

§ Krav

Forskrift om velferd for småfe	Lovkrav
Veileder til forskrift om hold av storfe	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

30.2.4 Er uteareala utforma slik at det ikkje blir blaute eller klinete forhold for dyra i periodar med mykje nedbør?

Dyr på utegang skal ha liggjeplassar som er godt drenerte, og dei skal ikkje liggje slik til at det kan renne inn vatn frå områda ikring. Liggjeplassen skal vere dekt av halm eller liknande materiale som har lita varmeleiingsevne og held underlaget tørt. Grunnen under fôringsplassar og andre sterkt belasta område skal ha fast dekke.

Uteareal som dyra bruker skal vere eigna til føremålet og skal kontrollerast jamleg med tanke på tilhøve som kan påføre dyra fare for skadar og lidingar. Ein skal gje dyra godt og regelmessig stell, og halde dei reine. Av omsyn til dyrevelferda skal dyra ikkje stå på gjørmete underlag, i overvatn eller i noko særleg avføring og urin.

§ Krav

Forskrift om hold av storfe	Lovkrav
Forskrift om velferd for småfe	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

30.2.5 Fører du eit regelmessig tilsyn med dyra?

Held du storfe utandørs, skal dei ha tilsyn minst éin gong dagleg. Dyr som er nyfødde, sjuke eller skadde, eller som oppfører seg unormalt, skal ha tilsyn fleire gongar dagleg. Kravet om hyppigare tilsyn gjeld òg for høgt drektige dyr, og særleg i tida kring fødsel.

For sau i utegang er tilsynskravet minst éin gong dagleg. Sau i utedrift etter dispensasjon skal ha tilsyn minst éin gong i veka i område utan særskild risiko. Dersom du har mistanke om auka fare, må du intensivere tilsynet slik at tilhøve som kan føre til dårleg velferd og sjuke, skadde og/eller avmagra dyr, kan oppdagast så tidleg som råd er. Kravet om hyppigare tilsyn gjeld òg for høgt drektige dyr, og særleg i tida kring fødsel.

§ Krav

Forskrift om hold av storfe	Lovkrav
Forskrift om velferd for småfe	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

30.3 SMITTEVERN



30.3.1

Har du skriftleg smittevernplan for dyrehaldet ditt som er oppdatert siste året?

Smittevernplanen skal skildre korleis:

- ein tek dyr inn og ut av dyrehaldet, inkludert til og frå beite
- ein sikrar god dyrehelse ved kjøp av livdyr, inkludert høve til å stalle opp dyra separat
- ein leverer mjølk og egg
- ein hindrar mogleg smitte frå eiga og innleigd arbeidskraft
- persontrafikken inn og ut av dyrehaldet går føre seg, med særlege krav til veterinærer og andre som er knytte til eller i mogleg kontakt med andre dyrehald
- kadaver, gjødsel og avfall blir handtert og henta
- ein sikrar fôrhygiene, vatningsanlegg, strø, reiskap og utstyr
- ein får tilgang på desinfeksjonsmiddel
- ein kan redusere risikoen for å spreie smitte ved krysstrafikk mellom dyr, menneske og køyretøy

Som dyrehaldar pliktar du å ha rutinar for smittevern nedskrivne i ein smittevernplan. Planen skal innehalde ei planteikning over dyre- og persontrafikken på garden, han skal vere tilpassa dyrehaldet ditt, og han skal femne om heile driftsopplegget.

Du skal sikre at alle som arbeider i dyrehaldet, kjenner og følgjer smittevernplanen. Planen skal oppdaterast kvart år og leggjast fram når Mattilsynet ber om det.

På ksl.no kan du finne døme og hjelpemateriell for å lage din eigen smittevernplan.

§ Krav

Dyrehelseforskriften	Lovkrav
Smittevernplan	Informasjon

30.3.2

Er alle som jobber i dyrehaldet kjent med og følgjer gardens smittevernplan?

Du skal sikre at alle som arbeider i dyrehaldet, kjenner og følgjer smittevernplanen. Planen skal oppdaterast kvart år og leggjast fram når Mattilsynet ber om det.

På ksl.no kan du finne døme og hjelpemateriell for å lage din eigen smittevernplan.

§ Krav

Dyrehelseforskriften	Lovkrav
Smittevernplan	Informasjon

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



30.3.3 Har du nødvendig helse dokumentasjon og egenerklæring ved kjøp, sal og leige av dyr?

Når storfe, svin og kameldyr blir flytta frå ein buskap til ein annan, skal den som sender frå seg dyra, leggje ved ei egenerklæring som stadfestar at desse vilkåra for karenstid er oppfylte:

- Ingen dyr i avsenderbuskapen har vist teikn på smittsam sjukdom dei siste 14 dagane før dei blei flytta.
- Dyra har vore meir enn 30 dagar i avsenderbuskapen før dei blei flytta, med unnatak av dyr som er fødte i buskapen.
- Avsenderbuskapen har dei siste 14 dagane ikkje teke imot klauvdyr (obs: gjeld også småfe) frå andre buskapar, fellesbeite eller dyreflokkar.

Egenerklæringa skal ikkje vere eldre enn 7 dagar, og ho skal oppbevarast i eitt år i dyrehaldet som tek imot dyra.

Det er viktig å leggje opp til gode rutinar for å hindre at det blir overført smittestoff til eller frå buskapen. Kva for smitteførebyggjande tiltak du bør setje i verk når du kjøper inn dyr, må du vurdere i kvart einskild tilfelle og i samråd med veterinæren.

Når ein flyttar dyr, same kva art, skal ein notere namnet på seljaren og namnet på dyretransportøren, i tillegg til datoen då flyttinga skjer.

Storfe:

Medlemmer av Kukontrollen eller Storfekjøttkontrollen kan bruke ein førehandsutfylt helseattest og egenerklæring. Viss du har ein storfebuskap som ikkje er medlem i ein av husdyrkontrollane, dokumenterer du kjøp og sal gjennom husdyrregisteret, og helsetilstanden dokumenterer du ved å bruke «Attest ved omsetning av storfe» frå Helsetenesta for storfe.

Kravet om egenerklæringsskjema gjeld berre for flytting mellom dyrehald. Du treng ikkje egenerklæring for flytting til slakteri eller flytting til og frå beite og fellesetrer. For storfe, svin og kameldyr kan du elles bruke egenerklæringsskjema frå KSL.

Småfe:

Dersom du held sau og du skal overføre livdyr av til dømes vêt/vêrlam er det tilrådd å bruke skjemaet «Egenerklæring helse – sau» frå Animalia. Det er eit generelt forbod mot å flytte hodyr av sau og geit mellom buskapar. Du kan finne meir informasjon om dette på nettsidene til Mattilsynet.

§ Krav

Landdyrforflytningsforskriften	Lovkrav
Attest for omsetning av storfe	Lovkrav
Egenerklæring helse - sau	Informasjon
Mal for egenerklæring	Informasjon
Egenerklæringsskjema	Informasjon

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

30.3.4 Blir dyr lasta inn og ut på ein måte som er sikker med omsyn til dyrevern og smittevern?

Livdyrhandel er det som gjev størst risiko for smittespreiing. Kva for smitteførebyggjande tiltak du bør setje i verk når du kjøper inn dyr i buskapen, må du vurdere i kvart einskild tilfelle og i samråd med veterinæren. Det skal vere ein eigna plass som sikrar at dyra kan lastast inn og ut på ein måte som er sikker med omsyn til dyrevern og smittevern.

Dyreholdaren må syte for at dyretransportørar som må inn i husdyrrom for å hente dyr, skal ha reint og ved behov desinfisert fottøy og overtrekksklede. Dersom transportøren nyttar fottøy og overtrekksklede som høyrer til i dyreholdet, må ein vaske og ved behov desinfisere dette etter bruk.

Storfe:

Les meir om inn- og utlastingsplass i rettleiinga til *forskrift om hold av storfe* frå Mattilsynet (side 6 og 7).

Småfe:

Det er tilrådd å følgje rettleiinga i Friskare geiter-prosjektet og Norsk Sau og Geit sin standard for smittevern i saueholdet. Dyr som du tek inn i buskapen, bør ha ein helsestatus på minst same nivå som dei opphavlege dyra i buskapen.

§ Krav

Dyrehelseforskriften	Lovkrav
Veileder til forskrift om hold av storfe	Lovkrav
Smittevern i saueholdet	Bransjekrav

30.3.5 Har du ei smittesluse som er delt i tydelege soner, og som er innreidd slik at personar kan reingjere hendene og utstyret dei har med seg, og slik at dei kan skifte fottøy og klede eller ta på seg overtrekksklede?

For å førebyggje smitte må du ha ei smittesluse for dei som skal inn i fjøset. Smitteslusa skal vere delt i tydelege soner der personar kan slusast inn og ut av buskapen. I denne slusa skal personar reingjere hendene og utstyr dei har med, og skifte fottøy og klede eller ta på overtrekksklede. Viss det er nødvendig, skal ein desinfisere både personar og utstyr. Dette gjeld til dømes utstyr som blir nytta i fleire buskappar, som klippeutstyr, vekt, skannar, klauvboks osv.

§ Krav

Dyrehelseforskriften	Lovkrav
----------------------	---------

30.3.6 Reingjer du husdyrrom, fôrrom og smitteslusa regelmessig?

Det skal vere mogleg å reingjere smitteslusa, fôrrommet og materiala og innreiinga i tilhaldsrommet for dyra. Du må halde romma ryddige og reine og desinfisere dei ved behov. Det skal vere godt reinhald i alle husdyrrom, slik at arbeidsmiljøet blir godt og smittepresset går ned.

§ Krav

Dyrehelseforskriften	Lovkrav
Forskrift om velferd for produksjonsdyr	Lovkrav

30.3.7 Når du bruker desinfeksjonsmiddel, noterer du kva for eit middel du har brukt, og datoen for når du har brukt det?

Når du bruker desinfeksjonsmiddel, skal du dokumentere kva for eit middel som er brukt, og datoen då det blei brukt.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

30.3.8

Sikrar du at personar som har besøkt dyrehald med klauvdyr i utlandet, ikkje får tilgang til husdyrrom før det har gått 48 timar etter innkomst til Noreg?

Personar som har besøkt dyrehald med klauvdyr i utlandet, skal ikkje ha tilgang til husdyrrom før det har gått 48 timar. Dersom det bryt ut husdyrsjukdommar i utlandet, må ein rette seg etter dei regelendingane som følgjer av dette.

I mange land er det husdyrsjukdommar som vi ikkje ønskjer å få inn i Noreg. Du må difor vere særleg påpasseleg når det gjeld personar som nyleg har vore i utlandet. Dette gjeld turistar og utanlandsk sesonghjelp så vel som folk som høyrer til på garden.

På **animalia.no** kan du lese meir om korleis du kan førebyggje smitte etter reise.

§ Krav

Dyrehelseforskriften	Lovkrav
Informasjon fra Animalia	Informasjon

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

30.3.9

VarsMelder du frå til Mattilsynet eller veterinær ved mistanke om smittsam sjukdom, ved unormale dødstal eller vesentleg redusert produksjon av ukjend årsak i anlegget ditt?

Har du mistanke om ein alvorleg smittsam sjukdom, skal du melde frå til Mattilsynet med ein gong. Er det unormale dødstal eller vesentleg redusert produksjon av ukjend årsak i anlegget, skal du melde frå til veterinær så snart som praktisk mogleg.

Melde og setje i verk tiltak

Som hovudregel skal du difor straks melde frå til Mattilsynet, veterinær og varemottakarar dersom du mistenkjer at det har brote ut ein alvorleg smittsam dyresjukdom (f.eks. munn- og klauvsvykje eller miltbrann). Plikta til å melde ifrå straks gjeld både nasjonal liste 1- og nasjonal liste 2-sjukdommar (tuberkulose, paratuberkulose og ringorm).

Den driftsansvarlege skal omgåande setje i verk nødvendige tiltak for å førebyggje, redusere eller eliminere eventuelle skadeverknader.

Meir informasjon finn du på mattilsynet.no.

§ Krav

Forskrift om sjukdom hos dyr	Lovkrav
Informasjon fra Mattilsynet	Informasjon

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

30.3.10

Er alle som jobbar i buskaper som har auka risiko for å vere berarar av MRSA, testa negativt?

MRSA er gule stafylokokkbakteriar som har blitt motstandsdyktige mot antibiotika. Bakteriane smittar mellom menneske og dyr.

Det er fleire faktorar som gjev menneske risiko for å bli smitta av MRSA. Du blir rekna for å ha vore utsett for auka smitterisiko dersom du i løpet av dei siste 12 månadene:

- har hatt fast bustad i utlandet
- har pendla mellom utlandet og arbeidsstaden i Noreg
- har vore i kontakt med ein buskap der det er stadfesta smitte
- har besøkt eller arbeidd i ein buskap i utlandet, eller
- har vore innlagd på ein helseinstitusjon, fått tannbehandling eller gått gjennom ei omfattande helseundersøking i utlandet

Styresmaktene tilrår at du testar deg viss du har vore utsett for auka smitterisiko og skal arbeide i ein svine-, storfe-, eller småfebuskap.

Personar som har vore utsette for auka smitterisiko (sjå ovanfor) og ventar på prøvesvar, skal ta desse forholdsreglane viss dei skal ha kontakt med buskaper:

- Dei skal nytte verneutstyr, det vil seie **hovudplagg, eingongshanskar og kirurgisk munnbind**, for å unngå å smitte dyra i buskaper.
- Der forholda ligg til rette for det, bør dei dusje før dei går inn i husdyrrommet.
- Dei skal skifte til reine arbeidsklede kvar dag.
- Arbeidsklede deira skal vaskast ved minst 60 °C.

Dersom desse tiltaka ikkje lèt seg gjennomføre i praksis, bør dei halde seg borte frå dyra til det er dokumentert at dei er frie for MRSA.

Du finn detaljerte tilrådingar om smittevern i buskaper, på mattilsynet.no. Der kan du òg lese meir om testing og behandling.

§ Krav

Informasjon fra Mattilsynet	Informasjon
-----------------------------	-------------

30.3.11 Gjennomfører du tiltak for å halde fuglar og smågnagarar borte frå fôret?

Du skal ha rutinar for å sikre at det ikkje blir overført smitte til fôret. Til dømes kan fuglar, mus og rotter vere berarar av salmonella.

§ Krav

Dyrehelseforskriften	Lovkrav
----------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

30.4 IMPORT AV DYR, SÆD OG EMBRYO



30.4.1 Varslar du Mattilsynet og KOORIMP før du importerer dyr, sæd eller embryo frå utlandet, og dersom du tek over eller sel noko av dette vidare?

Dersom du importerer levande dyr, sæd eller embryo, må du oppfylle offentlege krav og tilleggskrava frå KOORIMP*. Du skal kontakte KOORIMP for å varsle om import og for å få informasjon om krav om undersøkingar, tiltak og dokumentasjon. Send e-post til koorimp@animalia.no.

Viss du ikkje oppfyller krava, kan produkta dine bli trekte i pris

Dersom du ikkje kan dokumentere at du oppfyller dei offentlege krava og tilleggskrava frå KOORIMP*, kan det føre til at varemottakaren i tråd med KSL-ordninga trekkjer i prisen for produkta dine, uavhengig av dyreart (såkalla KSL-trekk). Føremålet med tilleggskrava frå KOORIMP er at bøndene skal redusere risikoen for å innføre smitte ved å dokumentere helsestatusen til dyr, sæd og embryo som dei skal importere, og helsestatusen til buskapane desse kjem frå. KOORIMP-krava gjeld tilhøve som dei offentlege krava ikkje dekkjer godt nok. Dei gjeld i særleg grad i tilfelle der det er kjent at det finst smitte i husdyrpopulasjonen i eksportlandet, eller der utbreiinga og omfanget er usikkert.

*KOORIMP er den norske husdyrnæringa sitt organ for smittevern i samband med import. Husdyrnæringa har oppretta KOORIMP for å sikre den norske husdyrhelsa etter at EØS-avtalen gav styresmaktene avgrensa høve til å stille helsekrav ved import. Du finn meir informasjon om KOORIMP på animalia.no.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



30.4.2 Når du importerer: Kan du dokumentere at offentlege krav er oppfylte, at du har undersøkt dyr og avlsmateriale og utført tiltak i samsvar med krava som er utarbeidde av KOORIMP?

Dersom du importerer levande dyr, sæd eller embryo, må du oppfylle offentlege krav og tilleggskrava frå KOORIMP*. Du skal kontakte KOORIMP for å varsle om import og for å få informasjon om krav om undersøkingar, tiltak og dokumentasjon. Send e-post til koorimp@animalia.no.

Viss du ikkje oppfyller krava, kan produkta dine bli trekte i pris

Dersom du ikkje kan dokumentere at du oppfyller dei offentlege krava og tilleggskrava frå KOORIMP*, kan det føre til at varemottakaren i tråd med KSL-ordninga trekkjer i prisen for produkta dine, uavhengig av dyreart (såkalla KSL-trekk). Føremålet med tilleggskrava frå KOORIMP er at bøndene skal redusere risikoen for å innføre smitte ved å dokumentere helsestatusen til dyr, sæd og embryo som dei skal importere, og helsestatusen til buskapane desse kjem frå. KOORIMP-krava gjeld tilhøve som dei offentlege krava ikkje dekkjer godt nok. Dei gjeld i særleg grad i tilfelle der det er kjent at det finst smitte i husdyrpopulasjonen i eksportlandet, eller der utbreiinga og omfanget er usikkert.

*KOORIMP er den norske husdyrnæringa sitt organ for smittevern i samband med import. Husdyrnæringa har oppretta KOORIMP for å sikre den norske husdyrhelsa etter at EØS-avtalen gav styresmaktene avgrensa høve til å stille helsekrav ved import. Du finn meir informasjon om KOORIMP på animalia.no.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



30.4.3 Kan du dokumentere at du har oppfylt tilleggskrava frå KOORIMP når du har selt vidare eller overteke storfe eller småfe som er innførte frå utlandet?

Dersom du overtek eller kjøper dyr, sæd eller embryo som er innført frå utlandet, skal du kunne leggje fram dokumentasjon på at tilleggskrava frå KOORIMP er oppfylte i samband med innførselen. Kravet til dokumentasjon er ei skriftleg stadfesting frå KOORIMP om at tilleggskrava er oppfylte i samband med innførselen. Kontakt KOORIMP (koorimp@animalia.no) dersom du har spørsmål om dette. Dersom du manglar dokumentasjon, kan det føre til at varemottakaren i tråd med KSL-ordninga trekkjer i prisen for produkta dine, uavhengig av dyreart (såkalla KSL-trekk).

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

30.5 HELSE OG MEDISINBRUK

30.5.1 Følgjer du «KSL-medisinstandard»?

KSL-medisinstandarden er ein del av KSL-standarden for husdyrproduksjonane. Medisinstandarden definerer krava som kvalitetssystemet (KSL) stiller til husdyrproducentane med omsyn til bruk av medisin i buskapen. Veterinæren har ansvar for at dei som skal medisinere dyr, får god nok opplæring når det blir inngått medisineringssavtale. Opplæringa skal dokumenterast.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

§ Krav

KSL-medisinstandard	Bransjekrav
---------------------	-------------

30.5.2

Er det rutinar på garden som sikrar at produkta garden leverer til foredling, er utan skadelege framandstoff?

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

Dyr som har fått medisinbehandling, må merkast

Dersom du skal bruke reseptpliktige legemiddel, må det vere basert på ein diagnose stilt av ein veterinær. Dyr (individ eller bingje) som er behandla med medisinar, må merkast slik at alle som steller dyra, har god kjennskap til kva for individ som er behandla, og kva tilbakehaldingsfristar som gjeld for mjølk og kjøtt frå desse. Mjølkekyr og geiter må vere merkte også etter at fristen for å levere mjølk er passert, dersom det framleis er tilbakehaldingsfrist for slaktet. Lappane for «Tilbakehald av mjølk og kjøtt» som ein får frå veterinæren, skal oppbevarast i husdyrpermen i eitt år.

Vurder om ditt eige korn kan innehalde mykotoksin

Dersom du bruker eigenprodusert korn til fôr, er det viktig å vurdere om kornet kan innehalde mykotoksin. Dersom du mistenkjer dette, må det analyserast. Ferdige fôrblendingar skal ikkje innehalde mykotoksin utover dei tilrådde grenseverdiane frå Mattilsynet.

Mjølk med antibiotika kan knekkje vomfloraen

Viss du bruker mjølk med antibiotika, kan det knekkje vomfloraen. Kalven er særleg sårbar i fire-fem-vekersalderen, når denne floraen etablerer seg.

Mastittmjølk kan føre til smitte hos kalv

Føring med mastittmjølk (bakteriehaldig mjølk) kan føre til at kalvar blir smitteberarar. Dette gjeld kanskje særleg i bingjeoppdrett, der kalvane ofte syg på juranlegga til kvarandre etter føring.

Ver merksam på forsøpling langs vegar

Areal som ligg inntil hovudvegar, er ofte utsette for forsøpling. Det kan vere eit problem ved beiting og hausting av grovfôr.

§ Krav

Matloven	Lovkrav
----------	---------

30.5.3 Veterinæren skal rapportere alle behandlingar. Rapporterer du alle eigenbehandlingar, slik at slakteriet har tilgang til matkjedeinformasjon frå buskapan din 24 timar før slakting?

Slik oppfyller du kravet

Du oppfyller kravet om å gje informasjon om buskapan dersom du følgjer desse rutineane:

- Du melder alltid frå til Mattilsynet når du har mistanke om alvorleg smittsam dyresjukdom.
- Den praktiserande veterinæren rapporterer alle behandlingar i buskapan gjennom Dyrehelseportalen.
- Når du behandlar dyr med reseptpliktige preparat, til dømes ved parasittbehandling, rapporterer du dette fortløpande gjennom den aktuelle husdyrkontrollen eller direkte i Dyrehelseportalen.
- Du skal rapportere andre helsetilstandar som kan ha noko å seie for slakting og transport, som brokk, haltheit, speneskade m.m., gjennom husdyrkontrollen eller Dyrehelseportalen i rimeleg tid før slakting.

Dersom veterinæren ikkje rapporterer alle behandlingar (jf. det andre punktet over), må han/ho endre rapporteringsrutineane sine, eller du som produsent må syte for å rapportere alle helsehendingar som inneber veterinærbehandling, løpande gjennom husdyrkontrollen eller sjølv gjere dette i Dyrehelseportalen.

Slakteriet skal ha tilgang på matkjedeinformasjon frå buskapan 24 timar før slakting for å kunne planleggje slakting og kjøttkontroll. Opplysningar om buskapan og om helsetilstanden til dei aktuelle dyra er viktig matkjedeinformasjon. Som dyreeigar har du formelt ansvaret for å skaffe denne informasjonen, men dataflyten i husdyrnæringa er bygd opp slik at slakteriet har tilgang på relevante opplysningar også frå andre kjelder.

§ Krav

Informasjon fra Mattilsynet	Informasjon
Animaliehygieneforskriften	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



30.5.4

Fører du helsejournal for buskapen, til dømes i helsekort eller i ein husdyrkontroll?

Som dyrehaldar skal du syte for at det blir ført ein oppdatert helsejournal med nødvendige individuelle og kollektive helseopplysningar om

1. sjukdommar og skadar hos dyra og mogleg årsak
2. behandling mot sjukdom og skadar hos dyra og mogleg årsak
3. mogleg dødsårsak eller årsak til avliving for dyr som døyr naturleg eller blir avliva
4. dødelegheit i anlegget
5. det førebyggjande helsearbeidet i anlegget (f.eks parasittbehandling, vaksinasjon med vidare)
6. resultat av dyrehelsebesøk

Punkt 1, 2 og 3 skal førast individuelt for dyr i anlegget

Ta med opplysningar som diagnose, dato, type og mengde av medisin/preparat/parasittmiddel og slaktefrist. Dette gjeld òg når du gjennomfører behandlinga sjølv. Førebyggjande helsearbeid kan til dømes vere vaksinasjon.

Mattilsynet stiller ingen krav til korleis journalen skal sjå ut. Du kan sjølv velje om han skal vere elektronisk eller på papir. Journalen må i alle tilfelle vere lett tilgjengeleg for dyrlegen, og for Mattilsynet når dei kjem på tilsyn.

Dokumentasjonen skal vere tilgjengeleg i minst fem år etter at dyret har døydd. Viss dyr blir flytta frå din gard til andre dyrehald, skal helseopplysningane følgje dyra. Det skal oppbevarast ein kopi i avsendarbuskapen i fem år.

§ Krav

Landdyrsporbarhetsforskriften	Lovkrav
-------------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

30.6 KADAVERHANDTERING

30.6.1

Er det rutinar på garden som sikrar at Biosirk (tidlegare Norsk Protein) blir varsla når storfe over 4 år og/eller småfe over 18 månader dør, og når slike dyr blir avliva på grunn av sjukdom eller skade?

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

Biosirk (tidlegare Norsk Protein) har teke over prøvetakinga av storfe og småfe som dør eller blir avliva på garden. Det er nok å kontakte Biosirk når du har daude dyr å varsle om. Samtidig som du bestiller henting av kadaveret, opplyser du om det er eit dyr som det skal takast hjerneprøve frå. Meldeplikta er då oppfylt. Biosirk opptre på vegner av Mattilsynet, og du treng ikkje kontakte Mattilsynet i tillegg.

Du skal melde ifrå til Biosirk når storfe over 4 år og/eller småfe over 18 månader dør, og når slike dyr blir avliva på grunn av sjukdom. Du som bur i Finnmark eller andre stader der Biosirk ikkje køyrer, må melde frå til Mattilsynet på tlf. 22 40 00 00, eller bruke nettsida deira for å melde inn daude produksjonsdyr.

Aldersgrensene (4 år, og 18 månader) gjeld ikkje når dyret endrar åtferd eller har mista evna til å røre seg naturleg, eller for innførte og importerte dyr. Dersom du oppdagar ei slik endringsåtferd og årsaka er ukjend, skal Biosirk ta prøve same kor gammalt dyret er. Meld difor frå til Biosirk, som vil vurdere om det er aktuelt å ta prøve med tanke på overvaking av skrapesjuka og kugalskap.

§ Krav

Innmelding døde produksjonsdyr, Finnmark	Lovkrav
Innmelding av døde produksjonsdyr	Lovkrav
Småfe og varslingsplikt	Informasjon

30.6.2 Oppbevarer du kadaver mellombels på ein forsvarleg måte med tanke på smitte, lukt og om dei er synlege?

Leveringsvilkår frå Biosirk:

- Kadaver skal ikkje pakkast inn eller dekkjast til med plast. Plasser kadaver på ein stad der det er skugge. Ein kan skjerme kadaver med trepallar eller liknande, men hugs god lufting.
- Kadaver skal liggje på eit fast underlag av tre eller betong der det er lett å komme til med kadaverbilen. Kadaver som er forureina med sand, stein og jord, blir ikkje henta.
- Fjern øyremerka før henting på alle dyr det ikkje skal takast prøver av. La det vere minst eitt merke att på prøvedyr.
- Det blir ikkje prioritert å hente enkeltlam, -kje og -smågris. Biosirk oppmodar leverandørar av lam, kje og smågris til å samle dette opp i ein frysar til ei større mengd før dei leverer til oss.
- Fjern alt av framandlekamar (til dømes hestesko).

Daude dyr gjev fare for smittespreiing og forureining. Dette gjeld med omsyn til både andre dyr, folk, mat og vatn. Viss du må oppbevare kadaver fram til Biosirk kjem og hentar dei, må du syte for at det ikkje fører til forureining eller til at åtseldyr kjem til kadavera.

§ Krav

Dyrehelseforskriften	Lovkrav
----------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

30.6.3 Leverer du kadaver til eit godkjent mottak?

Ifølgje *animaliebiproduktforskrifta* er det generelt ikkje tillate å grave ned kadaver, men § 20 opnar for unntak i spesifiserte «ferntliggjande område». Her er nedgraving tillaten om ein melder frå til Mattilsynet og dei godkjenner det.

§ Krav

Animaliebiproduktforskriften	Lovkrav
------------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

30.7 FÔR OG VATN



30.7.1 Dersom du bruker reine tilsetjingsstoff og/eller premiksar når du blandar fôr på garden: Er du registrert hos Mattilsynet som fôrprodusent?

Dersom du bruker premiks*) og/eller reine tilsetjingsstoff (til dømes urea) når du blandar fôr på garden, blir du rekna som fôrprodusent. Gardsblanderiet skal då mellom anna registrere seg særskilt hos Mattilsynet og utføre ein fareanalyse (HACCP) knytt til produksjonen.

Viss du blandar kraftfôr sjølv, kan du òg bruke ei kraftfôrblanding eller vitamin- og mineralfôrblendingar tilpassa dei andre ingrediensane. Denne blandinga skal vere merkt med «tilskotsfôr» og er ikkje ein premiks.

Fullfôr til drøvtyggjarar er oftast ei blanding av grovfôr, kraftfôr og eventuelt tilskotsfôr. Viss du lagar denne typen blandingar, er du ikkje pålagt å registrere deg som fôrprodusent hos Mattilsynet.

*) *Premiks er ei blanding med høg konsentrasjon av tilsetjingsstoff, og skal vere merkt med «premixs».*

§ Krav

Forskrift om fôrhygiene	Lovkrav
-------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

30.7.2 Blir drikkekar, niplar, anna drikkeutstyr og tilgangen til vatn på innmarksbeite kontrollerte kvar dag, slik at dyra har god tilgang på vatn?

Dyra skal ha tilgang på nok vatn av god kvalitet. Du må syte for at vassautomatar, drikkekar, niplar og liknande blir kontrollerte dagleg, for å sikre at det fungerer og gjev dyra det vatnet dei treng.

Innretningane med drikkevotn skal vere reine og haldne ved like. Småfe skal ha kontinuerleg tilgang til vatn. Kalv skal når den er sjuk eller det er varmt, ha fri tilgang til vatn. Det same gjeld dyr i laktasjon. Ver særleg merksam på at sau ikkje vil ta til seg drikke frå drikkekar som er forureina med avføring.

Drikkekar som berre eit enkelt dyr kan drikke av om gongen, kan forsyne maksimalt 8 vaksne dyr. Viss du bruker store drikkekar som fleire dyr kan drikke av samtidig, bør du rekne om lag 8–10 cm lengde per ku. Dette inneber at eit drikkekar på 1 meter kan forsyne 10–12 kyr.

Vasskapasiteten (liter per minutt) skal vere tilstrekkeleg, og alle bingar bør ha minst to vasspunkt. Dette gjer det i større grad mogleg for alle dyra i gruppa å drikke uforstyrta, og fungerer òg som ei sikkerheit dersom eitt av vasspunkta sluttar å fungere. Drikkenippel skal ikkje nyttast til vaksne kyr fordi vasskapasiteten er for låg. Sjå òg tabellen på side 23 i *retteiinga til forskrift om hald av storfe*. Denne tabellen gjev normer for vassforsyningskapasiteten i drikkekar. Med omsyn til vassmengder og kapasitet bør drikkekar gje minst 20 liter per minutt til storfe i laktasjon. I lausdriftsfjøs bør ein plassere drikkekar i tverrgangar slik at det er friplass rundt karet.

§ Krav

Forskrift om hold av storfe	Lovkrav
Forskrift om velferd for småfe	Lovkrav

30.7.3 Tek du vare på fôrprøver og varedeklarasjon/fôrsetel for innkjøpt kraftfôr?

Lagre fôrprøvene så lenge dei kan ha noko å seie for produksjonsresultatet og produktkvaliteten. Prøvene kan vere viktige viss du skal reklamere på ein fôrleveranse. Dersom du vel å la fôrleverandøren oppbevare fôrprøvene, treng du ikkje samtidig å oppbevare fôrprøver på garden.

Viss du kjøper kraftfôr, må du seinare kunne dokumentere kjøpet med dato for leveranse, transportør (når dette ikkje er deg sjølv) og varedeklarasjon/fôrsetel.

Rekneskapsbilag er tilstrekkeleg dokumentasjon av dato for leveranse og transportør. Varedeklarasjonen/fôrsetelen skal du ta vare på så lenge du lagrar fôrprøva.

30.7.4 Har du rutinar for å kontrollere at innkjøpt norsk grovfôr blir produsert i samsvar med KSL-standarden?

Alle ledd i produksjonen skal ha eit kvalitetssystem. Dei som kjøper grovfôr, skal krevje at seljaren kan dokumentere at produksjonen er i samsvar med KSL-standarden.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

30.7.5 Ved innkjøp av importert grovfôr: Har du fulgt Mattilsynet sine regler/anbefalinger for import/bruk av importerte grovfôrvarer?

Det er alltid ein risiko for at det kan følgje smitte med grovfôr som blir innført frå utlandet, og vi oppmodar deg til først og fremst å bruke norsk fôr. Dersom dette ikkje lèt seg gjere, er det viktig at du veit at alle som skal innføre fôr og kjøpe eller selje fôr frå utlandet, har ansvaret for å sikre at fôret er trygt. Du finn meir informasjon om innføring, kjøp og sal av importert grovfôr på mattilsynet.no.

§ Krav

Informasjon fra Mattilsynet	Informasjon
-----------------------------	-------------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



30.7.6 Har du dokumentasjon knytt til bruken av alternative fôrmiddel?

Du kan bruke visse matvarer som fôr så lenge dei ikkje inneheld kjøtt eller fisk. Det kan vere frukt og grønt, korn, myse eller mjølk som er pasteurisert og syrna til ein pH-verdi under 7, bakarvarer og liknande. Alt fôr skal vere utan emballasje før du gjev det til dyra.

Du må dokumentere kven fôrmidla kjem frå, kva du har kjøpt, næringsinnhald og når midla er brukte. Viss fôrmidla blir brukte i ei fôrblending må samansetjinga dokumenterast.

Leverandøren skal vere registrert hos Mattilsynet

Alle som leverer restprodukt til fôr, til dømes bakeri, bryggeri og meieri, skal vere registrerte som fôrverksemd hos Mattilsynet. Leverandøren skal kunne leggje fram kvittering på at han er registrert hos Mattilsynet. Dette kan du òg kontrollere på mattilsynet.no. Der finn du ei oversikt over alle registrerte leverandørar.

§ Krav

Forskrift om fôrhygiene	Lovkrav
Mattilsynets oversikt over godkjente virksomheter	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

30.8 OPPSTALLING, STELL OG REINHOLD AV DYR

30.8.1 Blir sjuke og skadde dyr, og dyr som skal kalve/lamme, skjerna frå andre dyr?

Dersom du har dyr som er sjuke eller skadde, skal du om nødvendig isolere dei på ein eigna stad med ein tørr og mjuk liggjeplass. Kyr som går i lausdrift, skal skjermast frå andre dyr når dei kalvar.

Lausdriftsfjøs:

I lausdriftsfjøs skal det for kvar påbyrja gruppe på 25 kyr vere minst éin bingje der ein kan behandle sjuke dyr, og der ein kan halde dyr fikserte eller bundne i kortare tid i samband med prøvetaking, behandling og tilsvarande. Det skal vere minst éin kalvingsbingje for kvar påbyrja gruppe av 25 kyr.

Båsfjøs:

Når det gjeld båsfjøs, blir det frå 1. januar 2024 krav om at fjøset skal ha kalvingsbingje viss det var i bruk 22. april 2004 og har vore i samanhengande bruk sidan.

§ Krav

Forskrift om hold av storfe	Lovkrav
Forskrift om velferd for småfe	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

30.8.2 Blir dyra stalla opp og stelte slik at dei held seg reine?

Reine dyr er ein føresetnad for god dyrevelferd og for å kunne gjennomføre ein hygienisk slakteprosess. Fjøsmiljø, fôring, stell og røktar må spele på lag for å halde dyra reine. Dersom dyra er skitne, er det viktig å finne ut kva som er årsakene, og deretter setje i verk tiltak som betrar forholda. Rettleiingane *Reine dyr* (storfe) og *Reint dyr – rein skrott* (sau) frå Animalia inneheld råd og illustrasjonar. Rettleiingane frå Animalia om reine dyr er retningsgjevande for standarden KSL stiller til reinhald av dyr, også medan dei står i produksjon. Rettleiingane kan du bestille frå Animalia (animalia@animalia.no) eller laste ned frå animalia.no.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

§ Krav

Forskrift om hold av storfe	Lovkrav
Forskrift om velferd for småfe	Lovkrav
Reine dyr - storfe	Bransjekrav
Reint dyr - sau	Bransjekrav

30.8.3 Er det god nok ventilasjon, slik at det er eit tilfredsstillande klima i dyrerommet gjennom heile året?

Det er ei rekkje krav du må oppfylle for å sikre at dyra har eit godt inneklima:

- Temperaturen og luftfukta skal vere tilpassa dyra sine behov.
- Gassar i uheldige konsentrasjonar skal ikkje komme inn i eller oppstå i rom der det er dyr.
- Ventilasjonssystemet må sikre god luftkvalitet; dårleg fjøsmiljø kan gje smaksfeil på mjølka.
- Når gjødsel blir rørt og køyrt ut, skal det vere rutinar som sikrar at det ikkje oppstår fare for at dyr eller folk blir forgifta av gjødselgass.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

§ Krav

Forskrift om hold av storfe	Lovkrav
-----------------------------	---------

30.9 DYR PÅ BEITE



30.9.1

Skriv du i dyrehaldjournalen kva for dyr som blir sende på beite, kva tid dei blir sende på beite, og kva tid dei blir tekne tilbake til anlegget att?

For å sikre at dyra kan sporast, må du skrive i dyrehaldjournalen når dyra blir flytta til beite. Du må også notere når du tek dyra dine heim att.

Når du søker om tilskot til dyr på beite, skal du kunne sannsynleggjere at dyra har gått på beite like mange veker som du har ført opp i søknaden.

§ Krav

Lov om dyrevelferd	Lovkrav
Forskrift om hold av storfe	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

30.9.2 Har du tilsyn med dyr på beite i samsvar med forskrifta?

Storfe:

Det er eit krav i forskrifta at storfe som går ute, skal ha dagleg tilsyn. Storfe som ein held på utmarksbeite, skal ha tilsyn minst to gongar per veke.

Småfe:

Det er eit krav i forskrifta at småfe skal ha tilsyn ein gong i veka på utmarksbeite. Dette er eit minimumskrav og gjeld når det ikkje er særskilte tilhøve som tilseier at dyra treng oftare tilsyn. Du som eigar, eller en annan med ansvar for dyra, skal sikre at dyra får tilsyn etter behov.

§ Krav

Forskrift om hold av storfe	Lovkrav
Forskrift om velferd for småfe	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

